

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 22.09.2022

Vår ref.: 202104790-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: Gry Walle

Sakshandsamar: Toralf Otnes,
22959527, toot@nve.no

NVE si tilbakemelding - Ikkje naudsynt med handsaming etter vassressurslova - Tiltak på Fyllingsnes/ Litlevågen - Gnr. 214/118 - Alver kommune

Viser til epost frå 05.09.2022. Saka gjeld søknad om å få byggast ny tilkomstveg frå Fyllingsnesvegen til ny parkeringsplass, køyrbar gangveg til sjø i Litlevågen, samt etablering av kommunalt avlaupsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø.

Saka har vore til høyring hjå oss som ei dispensasjonssak, der det vart søkt om dispensasjon frå arealdelen si byggegrense mot vassdrag. I dispensasjonssøknaden gjekk det fram at bekken på tre korte strekningar måtte justerast noko. I brevet vårt datert 22.03.2021 skreiv vi at det ikkje er naudsynt med ytterlegare vurdering av tiltaket etter vassressurslova.

Statsforvaltaren har fått inn søknad om å legge om bekken på ei om lag 30 meter lang strekning. Med eposten dykkar følgjer eit situasjonskart som syner ny plassering av bekken, og at det skal reetablerast kantevegetasjon.

De spør no om vår vurdering av at tiltaket ikkje treng ytterlegare handsaming etter vassressurslova framleis står ved lag, slik at de kan handsame flyttinga etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

NVE vurderer at det ikkje er naudsynt med ytterlegare handsaming av tiltaket etter vassressurslova.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Toralf Otnes
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND - Gry Walle

Kopimottakarar:

ALVER KOMMUNE